



Treffpunkt Heggenes

- Ein møteplass for deg over 70 år og som bur heime

KONTAKTINFO

Koordinator for prosjektet

(Elin Kløvstad Nordsveen, tysdag og fredag)

Tlf: 90 91 42 78

OPNINGSTIDER

Tysdag og fredag 09.00-14.00

ADRESSE

Helsetunet

Bygdinvegen 2120

2940 Heggenes



Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!



Treffpunkt Heggenes er eit dagtilbod for deg som bur heime, men som ynskjer ein sosial møteplass der du kan få bistand og moglegheit til å få gjennomført praktiske gjeremål.

Vi har nå gleden av å opne **Treffpunkt Heggenes**, eit dagtilbod til deg som er over 70 år og bur heime. Tilbodet er kvar tysdag og fredag. Her vil det være moglegheit for frukost mellom kl. 09.00-10.00 og ein varm lunsj ca. kl. 12.30. Dagen blir avslutta ca. 13.30-14.00. Det vil bli lagt opp til diverse aktivitetar, men du kan og få bistand til følgje på butikken og apotekutsal her på Heggenes. Sidan dagtilbodet er lokalisert i Moastogo på Helsetunet er det i nærheit til frisør, fotpleiar, legekontor, fysioterapi og heimesjukepleia. I tilbodet er skyss inkludert, også for deg som bruker rullestol. Kan du køyre sjølv er dette sjølv sagt fint!

For at vi skal ha ein oversikt over kven som treng skyss og kor mange det blir til måltida må vi ha **påmelding seinast dagen før kl.15.00**. Du kan sende sms eller ringe på telefon: **41 49 97 32** alle vekedagar mellom kl. 08.00-15.00.

Pris per dag inkludert mat og eventuell skyss er 150,- som vil bli fakturert i slutten av kvar månad.

Vi gler oss til å møte deg!

